

***Skjøtselsplan for arkeologiske kulturminne på
Vindenes – ID 64065, 95728, 95729, 95730,
95787, 95731, 35751, 45819***

***Fjell kommune
Hordaland fylkeskommune***



Foto: HFK.

Skjøtselsplan Hordaland fylke

for automatisk fredet arkeologiske kulturminne

<i>Fylke</i>	Hordaland		
<i>Kommune</i>	Fjell	Kommunenr.	1246
ID-nummer	64065, 95728, 95729, 95730, 95787, 95731, 35751, 45819		
Hordaland fylkeskommune sitt saksnummer i saka er:			

<i>Kategori fornminne</i>	Gravminne,	Omfang/areal	
Fornminnets sammensetning	Type	Antall	Merknad
64065	Gardsanlegg		
95728	Busetjing-aktivitetsområde	1	
95729	Busetjing-aktivitetsområde	1	
95730	Busetjing-aktivitetsområde	1	
95787	Gravminne	1	
95731	Busetjing-aktivitetsområde	1	
35751	Busetjing-aktivitetsområde	1	
45819	Busetjing-aktivitetsområde	1	
Merknad			

Distrikt			
Gård			
Lokalitetsnavn			
Gnr	Bnr	Festenr	
Grunneier			
Adresse / telefon			

<i>Befart av</i>		Dato	
<i>Utfylt av</i>		Dato	
<i>Oppstart skjøtsel</i>		Dato	

Plan revidert		Dato	
----------------------	--	-------------	--

Til denne skjøtselsplanen er det utarbeidet og vedlagt:

<input type="checkbox"/>	Finansieringsplan	<input type="checkbox"/>	Bindende avtaler	<input type="checkbox"/>	Annet:
--------------------------	-------------------	--------------------------	------------------	--------------------------	--------

Grunngeving og målsetjingar for planen

Kulturminneområdet Vindenes i Fjell kommune er unikt og står i ei særstilling på vestlandet. Det høge kunnskapsnivået om området, variasjonen i kulturminne, samt den urørde og autentiske plasseringa skapar saman eit urørd landskap med stor tidsdjupna.

Hovudmålet i denne planen er vern og formidling av dei arkeologiske kulturminna og kulturmiljøet.

Skjøtselsplanen tar for seg kulturminna som ligg på gbnr 26/3 og 26/8. Høybøen ligg på gbnr 26/8. På gbnr 26/3 er det fleire steinalderlokalitetar som kan vera i fare for skade ved ei tilrettelegging, samt ei røys som truleg høyrer til øydegarden på Høybøen. Alle kulturminna på desse bruka er tatt med i planen. Det er òg fleire andre kulturminne i området og langs stien som kunne vore tatt med i ein plan, og på sikt kan det verte aktuelt å utarbeide eigne skjøtselsplanar for desse.

På Høybøen ligg det to tørrmura tufter. Dei gode bevaringstilhøva og at tuftene er så synlege er nok medverkande årsak til at det lett kan verte utført aktlaus skade her. Kulturminna ser moglegvis ikkje gamle nok ut til at publikum tenkjer at dei kan vera freda. Formidling er difor eit tiltak for å trygga kulturminna.

Det sekundære målet om tilrettelegging og formidling av kulturminna fører til ei utviding av planen i høve til det som opphavleg var tenkt. I samband med tilrettelegging må det gjerast einskilte utbetringar i stien fram til staden, og denne passerer nokre stader tett forbi eller gjennom andre automatisk freda kulturminne. Den auka ferdsla ein må kunne pårekna ved ei tilrettelegging av Høybøen vil difor òg vera eigna til å påverka desse kulturminna negativt. Lokalitetane langs stien er difor tatt med i planen for å unngå uønskt slitasje eller skade på desse.

Lokalitetane ligg nær einannan i eit område som står fram som mest upåverka av moderne inngrep. Området er flatlendt og sårbart for påverknad, men den opne landskapsforma gjer at kulturminneopplevinga er stor.

Lokalitetane

Alle lokalitetane innanfor planen er arkeologisk undersøkt i større og mindre grad. Røysene må reknast som totalundersøkt, dei andre kulturminna i området er ikkje fullstendig utgrave. Fleire av lokalitetane er rekonstruert etter undersøkinga, i hovudsak røyser og tufter. Området står fram som intakt og urørt, og det er lite synlege spor etter utgravingane. Skjøtselsplanen tar for seg nokre få av lokalitetane i det kjende og unike kulturminneområdet Vindenes. På sikt bør det vera eit mål om å få utarbeidd ein skjøtselsplan som omfattar alle kulturminna i dette området og ser dei i ein heilskap.


Grunna det store arealet er skjøtselsplanen lagt opp etter lokalitetar som ligg samla og har mykje same utfordringar.

Høybøen er den største og best kjente lokaliteten i området. Dette er eit naturleg turmål, og tuftene bør formidlast for å unngå aktaus skade.


Straumen er steinalderlokalitetar nord for Høybøen. Desse lokalitetane ligg langt frå stien og er lite trua av slitasje og aktaus skade.

Aust for Kåsa er det fleire lokalitetar som ligg i eller ved stien. Alle desse lokalitetane er utsett for skade frå slitasje eller aktaus skade frå ferdande.


Områda og lokalitetane er skildra nærare i det følgjande.



Basisdata © Kartverket, temadata © HFK



Høybøen



Basisdata © Kartverket, temadata © HFK

Høybøen er ein øydegardslokalitet som ligg mest urørt av moderne inngrep, med innmark og utmark, bygningar og naust, steinstrengar, vasskjelder, vassrenner, dyrkingslag, gravrøyser, rydningsrøyser, hellestette vegar og anna. Lokaliteten vart utgraven i 1977-78. Funnmaterialet syner at øydegarden vart rydda kring starten av vår tidsrekning og var i bruk i Romartid. Den gjekk ut av bruk og vart tatt opp att i mellomalderen, og var i bruk til midt på 1300talet då den fall ut av bruk att.

Dei fleste funna innan øydegardsområdet kjem frå arkeologiske undersøkingar av dei to hustuftene, nausttufta, gravrøysene og det nærliggjande området. Funnmaterialet omfattar m.a. 200 fragment av keramikk, 70 fragment av kleberkar, 25 spinnehjul, 80 kljåsteinar/fiskesøkke, 40 heile/fragmentariske bryne/slipeplater, 5 fragment av kvernsteinar, 260 fragment av baksteheller, dei fleste av skifer, 200 jernnaglar/spikrar, 100 klumpar med jernslag og 130 eldflintar. Alle tala er her ca.-tal.

ID		
64065-1	Tuft I.	Utgrave. 22m lang og 6-8m brei. 3 rom med 5m, 6,5m og 8m breidd. Tufta er delt i to av ein smal, hellelagt gang. Sørveggen kviler på ein kunstig oppbygt terrasse av jord og stein. Tufta har truleg vore utvida og bygt om over tid. Vassrenner under tufta.
64065-2	Tuft II.	Utgrave. 14m lang, med mogleg utbygg er lengda 18m. To rom med ulik breidd, eit på 8m og eit på 6m breidd. Smal, hellelagt veg

		mellom romma. Delar av tufta låg på oppbygt terrasse. Trapp frå helleveg mellom husa og opp til terrassen. Vassrenne under tufta. Truleg fleire byggetrinn.
64065-3	Røys 1	Utgraven og restaurert. 8m diameter, 0,75m høg. 2,6m lang gravkiste. Funn av bøylespenne i bronse, jernfragment, ring av bronse, rand og bunnskår av asbestblanda, spannforma leirkar. Datering truleg 300e.kr.
64065-4	Røys 2	Utgraven og restaurert. 7-8m i diameter, svært låg røys. Har truleg hatt kantkjede. 3m lang gravkiste midt i røysa. Funn av skiferbryne og eldflint i røysfyllet, truleg sekundært tilført. Funn av jernfragment i kista, det eine fragmentet truleg kniv eller pilspiss.
64065-5	Røys 4	Utgraven og restaurert. 4,5-5,5m i diameter, påfallande låg røys. Karakter av rydningsrøys før utgraving. 2m lang gravkiste midt i røysa. Dekkhellene var intakt og røysa verka urørt før utgraving. Funn av fleire ubestemmelege jernfragment, og restar av spannforma leirkar. Under staden der funna vart gjort i kista var det ei rund, 1m brei 15cm djup trekolgrop som ikkje gjekk ut over veggane i kista.
64065-6	Steinstreng	Omlag 40 meter lang, låg steinstreng mykje dekt av mose og torv. Den går frå SV-NØ og er naturleg avgrensa av berg i begge endar. Det er ikkje observert rydningsrøyser nord for dette gjerdet.
64065-7	Naust	Utgraven. 12x4m (indre mål 6x2m). Naustet ligg tett inntil ein liten bergrygg. Svakt kulturlag med restar av treplankar, tilskorne trebitar og never.




Høybøen før rydding. Foto mot nordvest. Foto: HFK

Steinalderlokalitetar ved straumen

I eldre steinalder var vindeneshalvøya ei øy, og det var godt fiske i området. På begge sider av vindenesstraumen ligg det fleire steinalderlokalitetar.

På austsida av straumen ligg det tre lokalitetar, alle utgravne. Her er ein stor, myrlendt terrasse med tørr lyngvegetasjon i kantane. Alle lokalitetane er utgravne, men dei er ikkje totalgravd og er framleis automatisk freda.



Basisdata © Kartverket, temadata © HFK

ID		
95728	Steinalderlok. 20moh	UTGRAVD. Ligg på ei lita, tørr flate avgrensa av myrområde i sør og svaberg i aust og vest. Det er gjort funn over det meste av den naturleg avgrensa flate, men eit sentralt område på 36m ² er grave ut. 60cm tjukt funnførande kulturlag. Funn av 10.250 artefaktar og avslag, derav fragment av to slipte grønsteinsøkser, 30 borspissar av flint, skraparar av flint og kvartsitt, 100 mikroflekker, 90 fragment av mikroflekker, bipolare kjerner, 3 små fiskesøkker av kleberstein, slipeplater av sandstein. Truleg to busetjingsfasar. I øvre lag vart det òg funne ei konisk, blå glassperle. (Massane er solla.) Datering truleg seinmesolittikum.
95729	Steinalderlok 15-17 moh.	UTGRAVD. Ligg på ei lita flate rett N for lok 95730. 47m ² vart grave, antatt utstrekning er 80m ² . Her vart gjort 10326 funn, derav 2 skiveøkser, 2 einegga spissar og 1 lansettforma mikrolitt.


		Datering truleg tidlegmesolittikum.
95730	Steinalderlok. 17-19 moh	UTGRAVD. Ligg på ei delvis myrgrodd, svakt hellande flate omgitt av bergnabbar. 79,5m2 av antatt utstrekning 120-150m2 er grave. Lokaliteten hadde kulturlag med lite kol. Her vart gjort 28.900 funn, derav 1 skiveøks, 1 stikkel, 2 einegga spissar, 4 tangespissar, 30 borspissar, 43 mikroflekke, 49 flekke. Massane vart ikkje solla. Testsolling viste enkelte stader ein tapsprosent på 50%. Antatt mengd funn kan difor oppjusterast. Datering truleg tidlegmesolittikum.



På denne flata ligg det tre steinalderlokalitetar, Askeladden ID 95728, ID 95729, og ID 95730. Foto tatt mot nord.
Foto: HFK

Steinalderlokalitetar og røys aust for Høybøen

Vika som strekkjer seg inn aust for Høybøen heiter Kåsa. Stien til Høybøen og lenger ut mot Vindeneskvarven ligg aust for denne vika. Her er det kjent ei gravrøys som er utgravd og restaurert og som ligg eit stykke frå stien. Her er òg kjend seks steinalderlokalitetar, ein uavklart lokalitet og eit funnområde, som alle ligg i eller rett ved stien. To av lokalitetane er utgravne, men er framleis automatisk freda. Det er mykje djup myr og skrinne stader med lyng over berg i området, men det er potensiale for funn av fleire lokalitetar.



Basisdata © Kartverket, temadata © HFK

ID		
45819	Steinalderlok. 18 moh	Liten lokalitet. 15 avslag i flint, kvarts/kvartsitt og grønnstein funne i eit prøvestikk og i tre opne grusflekkear i kring 10m vidt område. Lokaliteten har vore freista avgrensa ved prøvestikk utan at dette lukkast. Stien til Vindeneskvarven kryssar lokaliteten og fører til erosjon, og det har vore gjort funn her.
95787	Gravrøys	Utgraven og restaurert. 7m diameter. Røysa vart restaurert i 1982 etter ferdig utgraving, men vart seinare skadd ved at det vart lagt opp vardar av røyssteinen. Røysa vart restaurert på nytt i 2015.
95731	Steinalderlok 13-15 moh.	UTGRAVD. Det vart grave omlag 18m ² og funne omlag 1000 artefakt og avslag på lokaliteten. Her er mellom anna funne prikkhugd trinnøks, fragment av slipt grønnsteinsøks,

		karakteristiske rund- og endeskraparar i flint, sylindriske flekkeblokker i flint, og rhyolitt. Funna plasserer lokaliteten i tidlegneolittikum. Massane vart ikkje solla.
35751	Steinalderlok. 12-16 moh	To lokalitetar slått saman. På den N-lege vart det i tre prøvestikk i fuktig, kolblanda jord funne 7 avslag av kvarts/kvartsitt og flint. På eine av dei to lokalitetane (lok 64) er det funne avslag i rhyolitt.
213352	Steinalderlok. 15-16 moh	UTGRAVD. Kan vera del av samanhengande buplassområde langs bekken saman med lok 35751. Ikkje kulturlag, 200 funn, derav 7 flekker og fragment av flint med og utan retusj og 2 mikroflekker av flint. Avslaga er hovudsakleg av flint, 5 er bergkrystall og 12 er kvarts. Massane vart ikkje solla. Lokaliteten vart atffunnen ved kontrollregistrering i 2016. Det vart tatt to prøvestikk derav eitt funnførande, og lokaliteten vart kartfesta gjennom kombinasjon av spor i terrenget etter det gamle utgravingsfeltet og naturleg avgrensing mot myr og bart berg.
221211	Steinalderlok. 14-16 moh	Lokaliteten ligg på ei naturleg flate Eitt funnførande prøvestikk med xx funn i flint og xx. Lokaliteten er avgrensa dels topografisk ved mose over berg og dels gjennom eitt negativt PS i nord.
221216	Steinalderlok. 18-21 moh	Lokaliteten ligg på ei naturleg avgrensa flate som skrå svakt mot nord. Det er tilsynelatande svært skrint på flata, men her er mogleg å finna gode massar med grusblanda sand. Det er få funn på lokaliteten, tilsaman xx fordelt på xx prøvestikk. Lokaliteten er naturleg avgrensa i sør og vest av bart berg og mangel på lausmassar. I nord og aust skrå flata ned mot eit større myrdrag.
221217	Steinalderlok. 13-16 moh	UAVKLART. Lokaliteten vart registrert under kontrollregistrering i 2016. Det vart tatt to prøvestikk i stien der denne kryssar ei naturleg avgrensa flate med lausmassar som gjer potensiale for funn. Begge prøvestikka var funnførande, med eitt funn i kvart stikk. Lokaliteten er ikkje avgrensa og er difor registrert som uavklart.
221218	Funnområde	



Oversiktsbilete av området aust for Kåsa med steinalderlokalitetar markert. Foto: HFK



Oversiktsbilete av området aust for Kåsa med steinalderlokalitetar. Foto: HFK

Tilstand

Generelt:

Området er lite påverka av moderne tiltak. Her er nokre få hytter og naust, men elles står området fram som urørt og autentisk. Området er inngjerda og vert beita med storfe i delar av beitesesongen. Det har tidlegare vore gjort sporadisk skjøtsel av tuftene, men det har ikkje vore tilstrekkeleg beitepress i området til å hindra attgroing.

Høybøen:

Innmark: Innmarksområdet på lokaliteten er mykje tilgrodd med stor einer og kjerr, og med grov lyng og spreidde lauvtre i einskilde område. Delar av området er vått, og vert lett opptrakka. Det er mange rydningsrøysar spreidd på lokalitetsområdet. **Rydningsrøysene** er svært tilgrodd og mange av dei er vanskelege å finna i dag. 7 av desse vart utgravne i 1977-78. Dei fleste av dei er kasta opp kring jordfaste steinar, eller ligg i tilknytning til framstikkande bergknattar. **Åkrane** som vart registrert ved utgravinga av området er ikkje lagt inn som einskildminne i Askeladden. Det vart registrert fleire slike gamle åkrar, men tilstand til desse er ikkje kjend. Det har etter informasjon frå lokale tidlegare vore tatt torv i området, og det har vore ukontrollerte skogbrannar som har svidd seg ned i torvlaga. Det er ikkje elles registrert aktivitet i området som kan føra til fare for skade på denne kulturminnekategorien.

Gravrøysene er utgravne og restaurert. Dei er tilsynelatande ikkje skadd sidan restaureringa, men vegetasjonen som har etablert seg langs kanten av røysene og dels mellom røyssteinen gjer det vanskeleg å sjå kulturminna og gjev inntrykk av at dei er mindre enn det som er reelt. Under utgravinga vart området mellom røysene torva av for å sjå etter flatmarksgraver, utan at dette vart funne. Det er ikkje spor etter dette i terrenget i dag. **Nausttufta** er tilsynelatande intakt men er lite synleg på overflata i dag. Det er svært tilgrodd her, og området er svært fuktig. Nausttufta er tilgrodd med kjerr og einer. **Steingarden** er låg og mykje dekt med torv, men er synleg i terrenget. Steingjerdet heldt fram på terrassen lenger ned i terrenget i vest.



Naustet på Høybøen. Foto: HFK

Hustuftene er utgravne og restaurert, og er i stor grad intakt. Det er likevel teikn til skade på kulturminna, i form av bålrensing i tuftene, flytting av stein, og liknande. Tuftene var svært tilgrodd i kantane, og vegetasjonen hadde byrja etablera seg inne i tuftene. Vegetasjon som etablerer seg inntil og i tuftemurane kan lett føra til skade på kulturminna, og hustuftene vart rydda for vegetasjon i eit samarbeid mellom fylkeskommune, kommune, grunneigar og Statens Naturoppsyn i september 2015. Området sørvest for hustuftene er svært tilgrodd. Her veks det mykje stor einer, og området vert mykje opptrakka i beitesesongen, særleg i våtare periodar.



Tuftene på Høybøen før rydding. Foto: HFK

Oppsummering Høybøen.

Beiting av lokaliteten med storfe er med på å avgrensa attgroinga, men det er likevel mykje vegetasjon på lokaliteten og området framstår ikkje som rydda innmark slik det har vore. I delar av sesongen fører beitinga til trakkskader kring tuftene. Fleire av kulturminna på lokaliteten er mykje tilgrodd og vanskelege å sjå. Vegetasjon som etablerer seg i og inntil murar kan lett føra til stor skade på kulturminna. Aktlaus skade skjer truleg fordi kulturminna og vernestatusen er lite kjent. Auka fokus på staden som turmål gjer det viktig med god formidling av vernestatus. Det kan verte naudsynt med tilrettelegging av grue/sitjeplass i nærleiken for å styra ferdsle og aktivitet.



Høybøen etter rydding av tuftene. Det er framleis sterkt attgrodd på store delar av lokaliteten. Foto: HFK

Straumen:

Lokalitetane i straumen ligg langt frå etablerte stiar og er slik lite utsett for slitasje. Lokalitet 95728 ligg lengst nord av dei kjente steinalderlokalitetane på vindenes. Etter utgravinga av denne lokaliteten vart ikkje massane ført attende over buplassen, og det er eit erosjonssår her som ikkje har grodd til. Det er ikkje synlege funn i overflata. Dei andre lokalitetane i området er intakte. Her er låg lyngvegetasjon og myrer, men svært lite høgare vegetasjon



Delar av ID 95728 er ikkje dekt av vegetasjon. Foto: HFK

Det er nokre store, opne myrhol fylt med vatn i området. Dette kan vere til fare for beitedyr. Dersom det er naudsynt av omsyn til beite kan det vera aktuelt å setje opp straumgjerder kring desse. Så lenge det vert beita i området er ikkje lokalitetane trua av attgroing. Lyngbrenning i området vil føra til betre beite og sikra at lokalitetane ikkje gror til med vegetasjon. Kontrollert lyngbrenning går ikkje ned i torvlaget, og vil slik ikkje føra til skade på kulturminna.




Foto: HFK

Lokalitetar aust for Kåsa

Fleire av lokalitetane ligg her tett ved stien som går inn i området, og skildringar av lokalitetane frå utgravingar på slutten av 70-talet tyder på at erosjon frå ein bekk som renn frå myra og vestover kan gjera skade på nokre av lokalitetane. Gravrøysa på Tyttebærhaugen var skadd av vardebygging men denne vart restaurert i 2015. Området søraust for gravrøysa er i ferd med å gro til med småtre og busker. Generelt er det teikn til attgroing i heile området. Mellom gravrøysa på Tyttebærhaugen og Høybøen står det eit tre som bør fjernast, då det sperrar for sikt mellom kulturminna.

Den nordlegaste av steinalderlokalitetane er svært liten og består primært av oppsamla avslag frå opne grusflekkear og stien. Det vart i 2002 tatt fleire prøvestikk her for å freista avklara lokaliteten, utan at det vart gjort funn. Fleire av lokalitetane her er utgravne, men området er ikkje ferdig registrert og det kan vera fleire buplassar her som ikkje er registrerte.

Det er lite trong til skjøtsel av desse lokalitetane, med unntak av gravrøysa som må ryddast jamnleg for å unngå at den vert dekt til med lyng og einer, og området kring denne. Tryggingstiltak for steinalderlokalitetane er primært tilrettelegging av stien for å sikra at denne ikkje slit seg ned i lokalitetane og fører til slitasje på desse. Det er ikkje teikn til dette i dag. Ved ein av lokalitetane er det to moglege stiløp, der det eine går inn på lokaliteten og det andre er vått og lite eigna. Ved merking og tilrettelegging av det mindre eigna stiløpet bør det vera mogleg å styra ferdsla inn på den stien som ikkje vil føra til skade på lokaliteten.

Skjøtsel

Vindenes er eit stort område, og det er ikkje mogleg å halda området rydda på andre måtar enn ved beiting. Vindenes er gamal kystlynghei, der det allereie går sau og storfe på store delar av arealet. Det er lenge sidan det har vore brent lyng i området, og dette har ført til at det er dårleg beite og at det gror til med einer og kratt.

Skjøtsel skal gjerast ved rydding kring tufter og røyser og i markerte område. Elles skal skjøtsel skje gjennom lyngbrenning og beiting.



Figur 1 Oversiktskart over gardsområdet Høybøen. Område der det ikkje skal brennast er markert med raud, stipla linje. Basiskart © Kartverket, temadata © HFK

I områda markert med stipla, raud linje skal ein unngå lyngbrenning. Ved dei markerte gravrøysene kan det brennast rundt røysene etter at det er rydda kring kanten av dei. Her er ei rekkje rydningsrøyser på lokaliteten, og det er ikkje realistisk å klara rydda kring alle desse før brenning. Fleire av rydningsrøysene ligg likevel inne på området der det ikkje skal brennast, og vil verte rydda på lik linje med resten av dette området.

Skjøtselstiltak

Steinalderlokalitetar ved Straumen, ID 95728, ID 95729, ID 95730

- Lyngbrenning for å betra beite
- Vedlikehald av skjøtsel ved beite
- Overvaking med omsyn til slitasje/skade.

Kulturminne aust for Høybøen, ID 45819, ID 35751, ID 95731, ID 95787, ID 213352, ID 221211, ID 221216, ID 221217, ID 221218

- Lyngbrenning for å betra beite
- Vedlikehald av skjøtsel ved beite
- Rydding av oppskot av småtre, einer og anna i området kring ID 95787 for å sikra gode siktlinjer til gravrøysa
- Tilrettelegging av sti for å unngå slitasje på steinalderlokalitetar i og nær stien
- Overvaking med omsyn til slitasje/skade
- Rydding kring gravrøys på Tytebærhaugen før lyngbrenning.

Høybøen, ID 64065

- Det meste av vegetasjonen skal ryddast frå lokaliteten for å betra beite og gjera innmarka open. Alle mindre tre og busker skal fjernast, men einskilde etablerte tre og einer skal stå att til livd for dyr. Grunneigar avgjer kva som skal stå att av større tre og einer.
- Nausttufta skal ryddast for vegetasjon.
- Før lyngbrenning skal det ryddast kring gravrøysene så elden ikkje fatnar heilt inntil kulturminna. Det skal ikkje brennast på grasbakken framfor hustuftene eller ved nausttufta på Høybøen, eller kring sjølve tuftene i område markert på kart.
- Ved rydding av mindre mengder lyng kan denne leggast spreidd i terrenget. Ved rydding av større mengder vegetasjon skal denne fjernast frå kulturminneområdet. Vegetasjonskapp kan brennast ved fjøre sjø i pollen inst i Kåsa. Dette må gjerast i tråd med lovar og retningslinjer for bruk av open eld i utmark.
- Det kan verte aktuelt å leggje til rette for friluftsliv med grue med meir i tilknytning til lokaliteten dersom dette er naudsynt for å styra aktivitet. Slike tiltak skal avklarast med grunneigar og kulturminnemynda før gjennomføring av arbeidet.
- På grinda inn til Høybøen og ved eventuelle gjerdekliv skal det merkast tydeleg om bandtvang og at det går dyr på beite i området, og at forsøpling er forbode.

Vindenes

- Tilrettelegging og merking av sti til området vil gje lettare tilkomst og vera med på å styra ferdsla. Tilrettelegging av sti må vera godkjent av grunneigarane og Fjell kommune før arbeidet tar til. Tilrettelegging av sti skal skje i samråd med Hordland fylkeskommune der stien er nærare kjente arkeologiske kulturminne enn 50 meter.

Ved rydding eller andre tiltak jamfør skjøtelsesplanen skal grunneigar ha varsel før arbeidet tar til.

UTKAST

Vedlikehald av skjøtsel

Kulturminna på Vindenes vil i all hovudsak verte skjøtta gjennom beite. Det er heller ikkje sterk tilvekst av vegetasjon her, og det er slik få av kulturminna som vil ha trong til regelmessig vedlikehald av skjøtsel i større grad. Gravrøysene ligg på tørre ryggar med lyngvegetasjon, og steinalderbuplassane vert skjøtta gjennom beite.

Det vert i dag beita med storfe på Høybøen. Det er svært positivt at det er drift i området, og dette har hindra attgroing av lokaliteten. I samband med formidling er det likevel fare for at folk kan verte skremt av dyra, og storfe beitar ikkje hardt nok til at vegetasjonen vert halde vekke frå tuftene. Det er òg noko slitasje på delar av lokaliteten.

- Kulturminna på Vindenes vert skjøtta gjennom beite
- Dersom beite ikkje er tilstrekkeleg til å halda oppskot av vegetasjon kring tuftene i sjakk skal desse ryddast for hand når det er naudsynt.
- Ved eventuell rydding av tuftene skal grunneigar ha varsel før arbeidet tar til.
- Vegetasjonskapp frå vedlikehald av skjøtsel kan brennast inst i Kåsa ved fjøre sjø jamfør retningslinjene for vegetasjonsarbeid.
- Dersom det ikkje lenger vert beita i området vil Fjell kommune, Hordaland fylkeskommune og grunneigarane i samråd finna løysingar for vedlikehald av skjøtsel.
- Det skal merkast på grinda inn til beitet der Høybøen ligg med «storfe på beite» og «bandtvang».

Tilrettelegging

Kulturminna er ikkje tidlegare tilrettelagt, men det har vore planar og ynskjer om tilrettelegging i ei årrekke. I regi av Fjell kommune vert det arrangert kulturminnevandring til Høybøen, og dette er eit svært populært tilbod.

Tilrettelegging og formidling er naudsynt av fleire grunnar.

- Sikra kulturminna mot aktlaus skade
- Syna fram kulturminna for ålmenta og formidla Høybøen og Vindenes som særskilt verdifult kulturminneområde.
- Styre ferdsla og aktiviteten i området slik at den ikkje er til ulempe for beiting.

Tilrettelegginga:

- Skal planleggjast og utarbeidast i samråd med grunneigarane for området
- Skal ikkje vera til hinder for bruken av området til beiting, eller føra til ulempe for drifta. God merking av bandtvang er avgjerande, og sjølvluukkande grunder kan vera eit aktuelt tiltak.
- Skal vera i tilknytning til merka stitrasè
- Skal vera tilgjengeleg for så mange brukargrupper som mogleg
- Skal vera skånsamt utforma og ikkje vera visuelt til sjenanse i landskapet
- Skal basera seg på ein kombinasjon av skilt og digital formidling
- Skal primært vera utanfor lokalitetane. I tilfelle det er naudsynt med eit skilt eller andre tiltak inne på lokalitetar, til dømes på Høybøen, må dette avklarast gjennom søknad om dispensasjon frå Riksantikvaren.
- Skal sikra kulturminna mot skade i samband med aktivitet i området. Aktuelle tiltak kan vera å leggje til rette med grue for å unngå at det vert tatt stein frå tuftene. Slike tiltak skal avklarast i samarbeid mellom grunneigar, Fjell kommune og Hordaland fylkeskommune, og må vera godkjent av Hordaland fylkeskommune.
- Skal i så stor grad som råd vera reversibel
- Skal styra ferdsla slik at den ikkje er til ulempe for drift eller til skade for kulturminne.

RETNINGSLINJER FOR VEGETASJONSARBEID VED SKJØTSEL AV KULTURMINNE

Generelt

- Det er berre tillate å fjerna vegetasjon og søppel frå kulturminne og kulturminneområde. Det er ikkje lov å grava i bakken, flytta på stein, fjerna jord, planera, eller fylla på masse.
- Det er ikkje lov å gjera noko for å endra kulturminna, heller ikkje om hensikta er å rydda, reparera eller gjera dei meir tydelege.
- Arbeidet skal gjennomførast i tråd med godkjent skjøtelsesplan og skjøtelsavtale.
- Grunneigar på Høybøen skal varslast før det vert sett i verk tiltak i tråd med skjøtelsesplanen.

Fjerning av vegetasjon

- Ved felling av større tre skal det takast omsyn til fallretning for å unngå skade på det aktuelle automatisk freda kulturminnet eller eventuelle andre rundt.
- All vegetasjon som vert fjerna skal kappast så nært bakken som råd
- Det skal ikkje fjernast stubbar eller røter frå bakken, verken med maskin eller manuelt, då dette kan føre til utilsikta skade på kulturminnet.
- Det skal ikkje nyttast tyngre maskiner som kan setja merke i bakken eller flyttar stein.
- Det skal ikkje flyttast på stein eller gravast i bakken under arbeidet. I dei høve slike tiltak må til skal dette vera lagt fram for Fylkeskonservatoren før arbeidet tar til.
- All vegetasjonskapp, lyng, gras og liknande skal fjernast frå området. Det er ikkje tillete med lagring eller brenning av dette på eller i sikringssona til kulturminnet eller feltet. Vegetasjon må ikkje leggjast slik at den sperrer dei naturlege siktlinene i terrenget eller utsyn.
- Vegetasjonskapp kan brennast i fjøra inst i Kåsa ved fjøre sjø. Det skal ikkje brennast på svaberg. Lovar og reglar for bruk av open eld i utmark skal følgjast. Eventuelt søppel skal fjernast før brenning.

Rydding av området

- Det er ikkje lov å fjerna torv eller mose frå kulturminne med mindre det er gjeve særskilt løyve frå Fylkeskonservator.
- Hovudregelen er at alle mindre buskar og småskog skal fjernast frå kulturminnet ein ryddar. Særmerkte objekt kan stå att.
- Det må ikkje setjast opp drikkekar, saltsteinar, foringsplassar eller liknande for beitedyra nær kulturminna, då dette vil kunna føra til sår i bakken og erosjon.
- Ved beiting bør det om mogleg nyttast småfe. Større dyr kan føre til trakk og slitasje på kulturminnet.

Merking og tilrettelegging av sti/ferdsle

- Det skal setjast tydeleg merke på grind inn til Høybøen om at det går dyr på beite og er bandtvang, og at grinda skal vera lukka.
- Det bør setjast opp gjerdekliv nord på lokaliteten for å unngå skade på gjerdet inn til beitet.
- Der stien går over kjente steinalderlokalitetar skal det gjerast tiltak for å unngå slitasje på kulturminna. Dette arbeidet skal gjerast i samråd med Hordaland fylkeskommune.
- Kulturminna skal tilretteleggast for formidling med ein kombinasjon av skilt og digital formidling. Tilrettelegging skal skje i samråd med Hordaland fylkeskommune og grunneigarane.

Dersom det under arbeidet skulle oppstå skade på kulturminne skal arbeidet stogkast og varsel sendast Hordaland fylkeskommune.

Miljøovervaking

Alle kulturminna i området bør overvakast. Tuftene og røysene er utsett for skade anten gjennom utkasting eller muring av vardar, gruer, med meir. God dokumentasjon er naudsynt for å sikra eit godt utgangspunkt for miljøovervaking. Hordaland fylkeskommune vil i samarbeid med Universitetsmuseet i Bergen dokumentera hustuftene ved fotogrammetri.

Praktisk informasjon

Det er mogleg å parkera i tilknytning til Vindenes kai. Det vil verte sett opp eit informasjonsskilt her med merka turstiar og info om området. Det går ein kjent tursti til området, og merking og vidare opparbeiding av denne stien vil verte gjort i samråd med prosjektet.

Kostnadsramme og finansiering

Det er ikkje pårekna store kostnader ved skjøtselsarbeidet som skal til for å sikra eit godt vern av kulturminna.

Sett inn budsjett når tilrettelegginga er ferdig planlagt og ein veit i kva grad det er naudsynt å gjera tiltak i stien der denne kryssar steinalderlokalitetar.

UTKAST

Arbeids- og ansvarsfordeling – framlegg

Hordaland kommune

- Har fagleg ansvar for tilrettelegginga og skjøtselsplanen.
- Reviderer og endrar skjøtselsplanen i samråd med Fjell kommune og grunneigarar dersom det er trong til dette.
- Gjer tiltak for sikring og dokumentering av kulturminna for miljøovervaking.
- Kontrollerer lokalisering og utstrekning av lokalitetar i området. Oppdaterer Askeladden og kart i skjøtselsplan etter ferdigstilling.
- Er rette mynde i høve til tilrettelegging/merking av sti på eller ved automatisk freda kulturminne.

Fjell kommune

- Har ansvar for gjennomføring av skjøtsel i tråd med skjøtselsplanen. Fjell kommune kan setje vekk dette ansvaret til andre etter avtale med grunneigarane.
- Gjev melding til Hordaland fylkeskommune dersom det kjem varsel frå grunneigarane om at tilrettelegginga må endrast eller om skade/slitasje på kulturminne eller tilrettelegging.
- Har ansvar for å kalla inn til årleg møte for å evaluera tiltaket; er skjøtselstiltaka tilstrekkelege og fungerer tilrettelegginga som tiltenkt.

Grunneigarane

- Gjev løyve til at det kan gjerast skjøtsel og tilrettelegging av området jamfør det som er skissert i skjøtselsplanen.
- Gjev melding til Fjell kommune dersom tilrettelegginga er til ulempe for gardsdrift/anna.
- Grunneigar på gbnr 26/8 stiller på oppstartsdugnad for å blinka kva tre/einar som skal fjernast og kva som skal stå att.
- Kan gjera lyngbrenning jamfør skjøtselsplan for lyngbrenning i området. Grunneigarane har sjølv ansvar for å sikra løyve til slikt arbeid frå andre mynde.
- Gjev melding til Fjell kommune dersom beitedyr fører til slitasje/skade på kulturminne/kulturminneområde eller skilt/tilrettelegging.
- Melder frå til Fjell kommune dersom det vert slutt på/reduksjon av beiting i området.

Fylkesmannen i Hordaland

- Er rette mynde for skjøtsel av lynghei
- Er rette mynde for køyring i terreng

Dokumentasjon

Tiltakshavar skal gjennomføra dokumentasjon av arbeidet og senda denne til fylkeskommunen. Dette skal gjerast òg ved årleg vedlikehald av skjøtsel. Dokumentasjonen skal bestå av:

- Bildedokumentasjon av kulturminnet og omgivnadene kring kulturminnet før og etter at arbeidet er utført.
- Skildring av gjennomført arbeid
- Eventuelle problem eller utfordringar som oppstod under eller i samband med arbeidet
- Anna relevant informasjon

Dokumentasjon av tiltaket skal vera fylkeskommunen i hende ikkje seinare enn 3mnd etter gjennomført tiltak. Dokumentasjon kan sendast fylkeskommunen ved postadresse:

Hordaland fylkeskommune v/ Kultur- og idrettsavdelinga, postboks 7900, 5020 Bergen
eller per e-post til: **kultur@post.hfk.no**

Sendinga må vera merka ”Dokumentasjon av skjøtsel”.

Lovmessig rammeverk

Skjøtselsplanen er laga med utgangspunkt i dei plikter og rettar fylkeskommunen som regional kulturminnemynde har etter:

- Lov om kulturminner (Kulturminneloven)
- Lov om behandlingmåten i forvaltningssaker (Forvaltningsloven)

Litteratur:

- Restaureringsrapport
- Notat om lok 57
- Rapport om arbeidet i 1977
- Høybøen – saga om ein gamal gard på vindenes
- Rapport HFK 2002
-

Framdriftsplan

2015

Tiltak	Ansvar
Restaurering av gravrøys ID 95787	Hordaland fylkeskommune/ Universitetsmuseet i Bergen
Rydding av hustufter	Fjell kommune, HFK, SNO, grunneigar

2016

Tiltak	Ansvar
Rydding av nausttuft	Fjell kommune
Brenning av vegetasjonskapp frå rydding 2015	Fjell kommune
Rydding av lyng kring gravrøyser	Fjell kommune
Dokumentering tufter Høybøen	HFK, UiB
Kontrolllokalisering av steinalderbuplassar aust for Kåsa	HFK
Lyngbrenning	Fjell kommune
Tilrettelegging for formilding	Fjell kommune, HFK

2017

Tiltak	Ansvar
Vedlikehald av skjøtsel ved beiting	
Kontroll av kulturminne	Fjell kommune
Årleg møte	Fjell kommune kallar inn til møtet

2018

Tiltak	Ansvar
Vedlikehald av skjøtsel ved beiting	
Årleg møte	Fjell kommune kallar inn til møtet

2019

Tiltak	Ansvar
Vedlikehald av skjøtsel ved beiting	
Årleg møte	Fjell kommune kallar inn til møtet

2020

Tiltak	Ansvar
Vedlikehald av skjøtsel ved beiting	
Årleg møte	Fjell kommune kallar inn til møtet
Revidering/rullering av skjøtelsplan	Hordaland fylkeskommune i samråd med Fjell kommune og grunneigarane